

Nye Øygarden kommune

Intensjonsavtale - Versjon 1.0

vår
nye
kommune



Innhold

1.	Innleiring	3
2.	Visjon.....	3
3.	Overordna mål	3
4.	Fordelar og ulemper ved ny kommune	4
5.	Nye Øygarden kommune	5
6.	Demokratimodellen.....	5
7.	Prinsipp for tenesteyting	6
8.	Kompetanse.....	7
9.	Samfunnsutvikling	7
10.	Økonomi – harmonisering av skattar og avgifter	9
11.	Kommunen som arbeidsgjevar – administrative prosessar.....	10
12.	Kommunikasjonsplan	10
13.	Vegen vidare	11

1. Innleiing

Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei kommunereform. Føremålet med reforma er å byggja kommunar som skal vera i stand til å handtera framtidige velferdsoppgåver på ein god måte. Regjeringa har varsla endring i oppgåver, og det er lagt fram forslag til nytt inntektssystem.

Fjell, Sund og Øygarden utgjer eit felles geografisk område med sterk kystkultur. Den nye kommunen grensar mot storbyen Bergen, og ein større kommune i vest vil kunna styrkja koordinering og samarbeid mellom by og land.

Alle tre kommunane har gjort vedtak om ei felles utgreiing som skal gje grunnlag for å få fram fordelar og ulemper med ein ny og større kommune. Telemarksforsking har utarbeidd ein omfattande rapport som tek utgangspunkt i tenestene, mynde, samfunnsutvikling og demokrati. Rapporten viser at dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden skårar høgt på kriterium for samanslåing og soleis ligg det føre gode føresetnader for etablering av ein ny stor kommune.

Dei tre kommunane har sett ned kvart sitt politiske forhandlingsutval som skal sjå på alle aspekt ved ein eventuell ny stor kommune.

Forhandlingsutvala for Fjell, Sund og Øygarden har i fellesskap arbeidd fram ein intensjonsavtale som ligg til grunn for etablering av ein ny stor kommune med om lag 42.000 innbyggjarar frå 01.01.2020. Det er kommunestyra i dei respektive kommunane som vedtek endeleg avtale. Intensjonsavtalen har eit samfunnsperspektiv på 20 –50 år.

Avtalen byggjer på ein føresetnad om at ein ny stor kommune vil ha betre tilhøve for å løysa framtidas utfordringar enn dei eksisterande kommunane kvar for seg.

Forhandlingsutvala skal sikra ein god prosess fram til juni 2016. Det er eit mål at kommunestyra skal ta stilling til avtala innan 01.07.2016, etter brei medverknad frå innbyggjarane og dei tilsette.

2. Visjon

Øygarden - eit fyrtårn i vest.

Den nye kommunen skal byggja vidare på felles kyst- og strilekultur med lokalt sjølvstyre, gode tenestetilbod til innbyggjarane og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling som sikrar attraktivitet og vekst i heile kommunen.

3. Overordna mål

Nye Øygarden kommune skal vera ein framtidsretta og kunnskapsbasert samfunnsutviklar, med fortrinn innanfor energi, teknologi og marine ressursar. Kommunen skal løfta fram

viktige verdiar som felles kultur, språk og identitet. Beste praksis i dei noverande kommunane skal vidareførast. Nærteneste-prinsippet skal leggjast til grunn med daglege tenester som er tilgjengelege for innbyggjarane lokalt og digitalt. Me skal ha ein kommune innbyggjarane er stolte av og der det er godt og trygt å bu og leva.

Følgjande hovudmål vert lagt til grunn for den nye kommunen:

- Den nye kommunen skal vera eit regionalt og nasjonalt fyrtårn innan teknologi, energi og marine næringar.
- Kommunen skal vera ein attraktiv bu- og arbeidsregion i bergensregionen.
- Kommunen skal ha ein berekraftig kystkultur.
- Kommunen skal levera tenester av høg kvalitet til beste for innbyggjarane.
- Heile kommunen skal takast i bruk med levande lokalsamfunn og eit mangfoldig kommunesenter.
- Kommunen skal vera ein god arbeidsgjevar der trivsel og kompetanse er grunnleggjande faktorar.
- Infrastruktur innan veg, fiberkabling og VAR-tenester er høgt prioritert og skal framleis byggjast ut.

4. Fordelar og ulemper ved ny kommune

Det er både fordelar og ulemper ved å etablera ein ny og større kommune. Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har i dag mykje interkommunalt samarbeid, noko som kan synleggjera behov for ein større kommune.

Fordelar

- Større påverknadskraft som ein stor kommune
- Sterk region og meir heilskapleg samfunnsutvikling
- Betre heilskapleg arealplanlegging og næringsutvikling
- Betre kvalitet og større mangfold i tenestetilbodet
- Større fagmiljø og sterkare grad av spesialisering
- Frigjera midlar til brukarretta tenester
- Tilstrekkeleg avstand til brukarane for å sikra habilitet
- Drifta vert meir effektiv og mindre sårbar

Ulemper

- Større geografiske avstandar innan kommunen
- Større avstand mellom innbyggjarane og politikarane
- Redusert lokalkunnskap

- Auka sentralisering og meir byråkrati
- Risiko for å mista lokale sær preg og eigenart

5. Nye Øygarden kommune

Arbeidstittel for den nye kommunen skal vera «Øygarden kommune».

Sund kommune sitt kommunevåpen skal vera kommunevåpenet i den nye kommunen.



Straume skal vera kommunesenter med kommunedelsenter på Rong og i Skogsvåg.


Nærteneste-prinsippet skal leggjast til grunn for tenesteytinga i den nye kommunen. Det betyr at dei publikumsretta tenestene skal vera sikra i kommunale servicesenter, og dei brukarretta tenestene skal vera lokalisert så nær brukarane som mogeleg.

Administrasjonsspråket skal vera nynorsk.

6. Demokratimodellen

Me vil byggja den nye kommunen med sterkt lokalt sjølvstyre, stort engasjement frå politikarar, tilsette og innbyggjarar for å kunna utvikla kommunen i takt med auka oppgåver. Kommunen skal styrast etter formannskapsmodellen med politiske utval og gjennomgåande representasjon.

Kommunestyret skal vera samansett av 45 medlemmar. Formannskapet skal ha 11 medlemmar. Det vert lagt opp til gjennomgåande representasjon med fire hovudutval innan oppvekst og kultur, helse og omsorg, nærings- og samfunnsutvikling og areal- og plansaker med ni medlemmar i kvart hovudutval. I tillegg kjem lovbestemte utval, til dømes administrasjonsutval og diverse andre råd og komitear.



Kontrollutvalet skal bestå av sju personar, tre av desse skal vera kommunestyrerrepresentantar. Administrasjonsutvalet skal vera samansett av fire politiske medlemmer og tre medlemmar frå dei tilsette sine organisasjonar. Dei politiske medlemmane skal vera medlemmar i kommunestyret.

7. Prinsipp for tenesteyting

Nærteneste-prinsippet skal leggjast til grunn for tenesteytinga i den nye kommunen. Det betyr at dei publikumsretta tenestene skal vera sikra i kommunale servicesenter, og dei brukarretta tenestene skal vera lokaliserte så nær brukarane som mogeleg.

Tenestene skal vera på same nivå som i dag, eller betre, og gjeldande planar skal vidareførast. Tenester som innbyggjarane ikkje nyttar dagleg, kan sentraliserast til kommunesenteret eller kommunedelsentera. Effektiviseringsvinstar ved etablering av ein ny større kommune skal gje betre tenester til innbyggjarane.

Skular og barnehagar

Gjeldande skule- og barnehagestruktur vert vidareført. Nye barnehagar skal tilpassast befolkningsveksten slik at nærliek til tenestene og effektiv drift vert sikra.

Helse og omsorg

Sjukeheimsplassar, omsorgsbustader og bu- og servicesenter vert bygd vidare på den strukturen me har i dag. Legevaka vert lagt til Straume, legeteneste i kommunedelsentera skal oppretthaldast på dagens nivå på dagsid og noko utover normal opningstid.

Kultur, frivillig arbeid, lag og foreiningar

Frivillig arbeid er ein grunnpilar i kommunen, og både lag, foreiningar og privatpersonar

skal stimulerast til å bidra lokalt. Biblioteka skal vera gode lokale møteplassar lagt til kommunedelsentra.

IKT/Digitalisering

Digitalisering skal kompensera for fysiske avstandar. Vår nye storkommune skal ha gode digitale løysingar, både publikumsretta og i tenesteyting som til dømes velferdsteknologi.

Kommunale NAV-tenester

Nokre av dei kommunale NAV-tenestene kan verta lagt til kommunedelsentera.

Kyrkja og gravplassar

Kyrkjeleg fellesråd vert invitert til dialog om lokalisering og aktuelle lokale tenester. Det er eit ønskje at publikumsretta tenester vert lagt til kommunedelsentera.

8. Kompetanse

Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod. Det skal vera eit prioritert satsingsområde å rekruttera, vidareutvikla og halda på relevant og tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse innanfor alle tenesteområde. Det skal gjennomførast ei kompetansekartlegging og lagast ein kompetanseplan som skal takast i bruk ved etableringa.

Den nye kommunen skal møta framtida sine utfordringar i tenestetilbod til innbyggjarar, tilsette og næringsliv. Me skal rekruttera og utvikla den beste fagkompetansen for å gje innbyggjarane kvalitet på tenestene dei tek imot.

9. Samfunnsutvikling

Den nye kommunen skal vera ein framtidsretta, nyskapande og heilsakapleg næringskommune med høg kompetanse.

MOT sitt mål og grunnverdiar skal vidareførast for å sikra trygge ungdomsmiljø med ungdom som har tru på eigne krefter, tek vare på seg sjølv og kvarandre og som gjer val slik at dei meistrar livet.

Det er viktig at ein får eit breitt og mangfaldig utdanningstilbod med høg kvalitet innan vidaregåande og høgare utdanning i tråd med behovet til det lokale næringslivet. Kompetansesterke og kunnskapsbaserte fagmiljø er eit konkurransefortrinn og skal koplast tettare mot utdanningsløpet.

Det er ein ambisjon om å få etablert ei kunnskapsklynge innan aktuelle næringar. Det skal jobbast med å få etablert ein ny vidaregåande skule i kombinasjon med høgskuleutdanning, til erstatning for den vidaregåande skulen på Bildøy.

Kommunen skal motivera og støtta næringslivet og innbyggjarane til å utvikla den nye kommunen.

Kommunane sine gjeldande kommuneplanar med arealdel skal vidareførast til nye planar for den nye kommunen er vedtekne. Me vil satsa målretta på infrastruktur og heilskapleg arealpolitikk for heile den nye kommunen.

Gjennom strategisk samfunns- og næringsutvikling vil me styrkja eksisterande, skapa og leggja til rette for nye arbeidsplasser. Kommunen skal vera nyskapande og utvikla nye næringsareal med vekt på framtidsretta næringsliv. Kommunen skal jobba for effektiv internkommunikasjon.

Følgjande viktige prinsipp skal leggast til grunn for samfunnsutviklinga innanfor næringsutvikling og arealdisponering, bygde- og stadutvikling, infrastruktur og trafikktryggleik og klima/miljø:

Næringsutvikling og arealdisponering

- Realisera potensialet i heile regionen
- Utnytta arealet i bygdene
- Jobba for større sjølvråderett over arealdisponeringa – strandsone, vernesone og sjøareal

Region- og stadutvikling

- Heile regionen må takast i bruk
- Utvikla lokale senter
- Vidareføra ein desentralisert busetnad med levande bygder
- Ta i bruk sentrumsområdet på Straume
- Ta i bruk kommunedelsentera på Rong og Skogsvåg

Infrastruktur og trafikktryggleik

- Realisera Sotrasambandet og vegtraseen nord – sør (Kolltveit- Ågotnes og Kolltveit-Austefjorden)
- Betra kollektivtransporten og syta for tenlege kollektivløysingar der ein når bygdene
- Betra vegvedlikehaldet og realisera lokale samferdsleprosjekt, t.d. fylkesvegar
- Syta for utbygging av fiber/ breiband
- Vidareutvikla gang- og sykkelvegar i heile kommunen
- I eit langsiktig perspektiv vil ein arbeida for eit nytt fastlandsamband for å etablira eit ringvegsystem

Beredskap

- Beredskap og tryggleik er viktig for innbyggjarane i kommunen. Beredskap skal prioriterast gjennom oppdatert planverk og jamlege øvingar.
 - ProsesSEN med Sotra og Øygarden brannvesen IKS skal følgja oppsett plan

Klima og miljø

Den nye kommunen skal vera framtidsretta og ha særskild fokus på alternative energiformer, forsking, miljøeffektive løysingar og å førebyggja klimaendringar gjennom lokal handling.

Interkommunalt samarbeid

Interkommunale samarbeidsavtalar, interkommunale og kommunale selskap skal vurderast. Det skal gjennomførast ei juridisk og økonomisk utgreiing i perioden fram mot 2020 av alle interkommunale selskap med konsekvensvurdering når det gjeld ulike selskapsformer og eigarskap.

Det skal utarbeidast eigarskapsmelding som skal gjelda frå 01.01.2020.

10. Økonomi – harmonisering av skattar og avgifter

Økonomien i den nye kommunen skal vera i balanse. Det skal sikrast føreseieleg økonomistyring og handlefridom. Prisnivå på kommunale tenester og gebyr skal harmoniserast i løpet av dei fire første åra.

Eventuelle overgangsreglar skal fastsetjast i første valperiode.

Etablering av den nye kommunen vil gje grunnlag for effektiviseringsvinstar, mellom anna innan felles politisk og administrativ styring og leiing. Frigjorte midlar og ressursar skal nyttast til å styrkja tenestetilbodet.

Eigedomsskatt

I den nye kommunen skal det vera eigedomsskatt på verk, bruk og næring, ikkje på hus og hytter. Konsekvensar ved eigedomsskatt på næring må utgreiast.

Infrastrukturfond

I den nye kommunen må vi setja av fond for å få løyst viktige lokale infrastrukturtiltak til beste for innbyggjarane og næringslivet. Dette vil bidra til at kommunen har midlar som kan nyttast til samfunnsutvikling. Eit prinsipp er at eit slikt fond kan løysa ut fylkeskommunale og statlege midlar med kommunal eigendel. Finansiering av fondet skjer ved avsetnad i form av eigedomsskatt, reduserte utgifter, avsetnad av statlege kommunereformmidlar med meir. I tillegg ligg det ute høyring om havbruksfond. Dette kan gje auka inntekter for kommunar som stiller areal til disposisjon for havbruksnæring.

Delar av eigedomsskatteinntektene på verk og bruk frå dagens Øygarden skal nyttast til å oppretta eit distriktsstrukturfond til utvikling av glandene i Fjell, Sund og Øygarden. Dette fondet skal gå til utbetring/investering av veg i dagens Øygarden, Sund og glandene i Fjell. Fondet skal fordelast slik: Minimum 10 prosent av eigedomsskatteinntektene skal nyttast innanfor området som i dag utgjer Øygarden kommune, minimum 10 prosent innanfor området som utgjer Sund kommune og minimum 10 prosent av området innanfor dagens

Fjell kommune. Med etterhald om eventuelle endringar i eigedomsskattelova for perioden, skal dette fondet ha ei funksjonstid på 10 år frå 01.01.2020.

Investeringsprosjekt

Vedtekne investeringsprosjekt i dagens gjeldande økonomiplanar (2016-2019) vert vidareførte i den nye kommunen. Alle investeringsprosjekt skal vera økonomisk forsvarlege og ha ei sikker finansiering. Det er ein føresetnad at prosjekta er fullfinansierte.

Inntektssystemet

Forslag til nytt inntektssystem er sendt ut på høyring. Endelege konsekvensar vil bli avklåra i løpet av våren 2016. Det ser ut til at større kommunar skal koma betre ut økonomisk om det nye inntektssystemet vert innført .

Den nye kommunen vil få økonomiske midlar til eingongskostnader og reformstøtte ved endra kommunestruktur.

11. Kommunen som arbeidsgjevar – administrative prosessar

Den nye kommunen skal vera raus og inkluderande. Det skal etablerast ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samla og utvikla arbeidstakarane, og som skaper gode relasjoner mellom arbeidsgjevar og arbeidstakrarar. Å byggja ein ny kommune er teknisk sett ei verksemどsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk.

Kommunen skal ha ein handlekraftig og effektiv kommunal organisasjon med god leiing, høg kompetanse og kvalitet i alle ledd. Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen og skal ikkje få reduksjon i løna si, men ein del medarbeidarar vil få nye oppgåver og ny arbeidsstad. Gode prosessar skal sikra at tilsette vert høyrde og kan bidra til omstilling gjennom drøftingar og utarbeiding av eigen omstillingsavtale.

Dagens kommunar er knytte til ulike pensjonskassar. Aktuell pensjonskasse i ny kommune må avklarast i samanheng med utgreiing av andre kommunale selskap i dei tre kommunane.

12. Kommunikasjonsplan

Gjennom aktiv kommunikasjon og brei medverknad skal me sikra at alle får god informasjon og vert hørt om den pågående reformprosessen.

Ein felles kommunikasjonsstrategi skal utarbeidast med målretta satsing på ekstern og intern informasjon. Vi viser til eigen kommunikasjonsplan for kommunestrukturprosessen.

13. Vegen vidare

Det skal utarbeidast eit felles saksframlegg vedlagt intensjonsavtalen som skal leggjast fram for kommunestyra 20. juni 2016, der dei skal ta stilling til eventuell kommunesamanslåing. Det vert vist til kommunikasjonsplanen.

Det er lagt opp til brei medverknad, mellom anna i form av folkemøte og innbyggjarundersøking i forkant av behandlinga i kommunestyret.

Inndelingslova av 2001 set rammene for korleis samanslåinga skal gjennomførast.

Når Stortinget i juni 2017 har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman, skal det oppretta ei fellesnemnd (inndelingslova § 26). Fellesnemnda for den nye kommunen skal ha 17 medlemmer med fire frå Øygarden, fem frå Sund og åtte frå Fjell. Det skal også veljast varamedlemmer til nemnda.

Medlemmene vert valt av og blant medlemmene i kommunestyra. Fellesnemnda skal sjølv velja leiar og nestleiar. Fellesnemnda skal førebu etablering av ny kommune, medan kommunestyra skal stå for drift og avvikling av dei gamle kommunane.

Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet er samansett av medlemmar frå fellesnemnda og to representantar frå kvar kommune, desse er utpeika av organisasjonane til dei tilsette.

Dersom samanslåing vert gjennomført frå 1. januar 2020, vert det ordinært kommunestyreval hausten 2019.

For å sikra framdrift i prosessen etter at kommunestyra har gjort vedtak om ein ny kommune, vil forhandlingsutvala arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til fellesnemnd er valt (jf. inndelingslova).

Straume, 07.03.2016

Sund kommune:

Kari-Anne Landro (H)

Nils Kåre Skoge (H)

Jøgeir Sognnæs (AP)

May Elin Limevåg (FRP)

Øygarden kommune:

Børge Haugetun (TVØ)

Atle Dåvøy (KRF)

Silvia Haugland (TVØ)

Espen Harkestad (AP)

Andreas Kallekleiv (H)

Fjell kommune:

Marianne Sandahl Bjorøy (AP)

Tom Georg Indrevik (H)

Anita Garlid Johannessen (FRP)

Svein Petter Bergh (SL)